


Sjøen

Sandeid var opphavelig eit jordbruks- og fiskarsamfunn. Sentrum vart i tidlegare tider kalla «Tree», seinare «Sjøen» eller «Sjoargarden». Området utvikla seg til å bli eit handels- og reiseknutepunkt med ulike butikkar, handverkarar, to gjestgiveri, tannlege og lege. I dag er det berre «handelslaget» og «Shell-stasjonen» att som driv vanleg handel.



Sandeidsjøen ca. 1953



2

Vindafjordkaien påskeen 1946



Martha Helland

Ei fargerik dame rundt overnatting og matserving var Martha Helland (f. 1840), kalla Hugne-Martha. I 1895 opna ho utsal av «spise». Det var som regel kaffi, heitevegg og sirupskaker ho sette på bordet. Ho selde brus, men det måtte stå «Gunnar Løvik, Stavanger» på flaska.



Huset Granheim


Huset Granheim vart bygd på Tree omkring år 1800 av Casper Ebeltoft. Ebeltoftfamilien var opprinneleg dansk.

Huset vart rive på midten av 1960-talet. I 1867 vart bygdas første bank etablert i bygget på biletet.



Sjoargata under krigen

Frå venstre ser ein Helgevoldshuset, Kaldheims Pensjonat, tidlegare Fløgstad Pensjonat og «Hotell-Britta». Dessutan Sandeid Gjestgiveri, tidlegare Hotell Sandeid. Ser du godt etter, ser du bensinpumper både hos Kaldheim og Abraham Vestbø.



4

Hjulbåten «Ryfylke»

Det Stavangerske Dampskips-selskap, DSD, starta opp med hjulbåten «Ryfylke» i Ryfylkebassenget ca. 1850. Den vart sett inn i Stavanger/Sandeid-ruta heilt frå starten.

Vindafjordkaien vart bygd i

1920. Dette var i samband med at rutebåten M/S Vindafjord vart innkjøpt av eit nydanna selskap; Rogaland Ruteselskap L/L. Stavangerske overtok båten i 1938. M/S Vindafjord vart senka av engelske fly i november 1941 i Skudefjorden. Fleire lokale frå Haugalandet omkom.



M/S Fjorddrott

M/S Fjorddrott var ein trufast slitar mellom Stavanger og Sandeid i mange år. Fjorddrott kom kvar kveld på 50-60 talet, og til byrjinga av 1972. Den spesielle hydrofoilbåten, «Ekspressen», gjekk også i Sandeid-ruta i mange år.



Kystkulturdagane

Eit lokalt initiativ på slutten av 90-talet etablerte ein årleg festival som fekk namnet «Kystkulturdagane i Sandeid». Her samlast ein om maritime tema, og det er musikkfest med dans i stortelt på kaien. Det er svært vanleg at «Gamle Rogaland» og andre veteranbåtar kjem. Ein fast tradisjon har vore å stille ut gamle båtmotorar. Det vert om søndagen hald utandørs gudsteneste på gamle kyrkjegarden.



«Gulosten»

Kommunen bygde i 1953 «gulosten» som låg heilt nede ved kaien på biletet her. Huset er nå borte.

Her var skipsekspedisjon, fiskemottak, kommunale kontor, bibliotek, kommunestyresal og ikkje minst eit stort og godt venterom med toalett for dei reisande. Her samlast «gamlekarane» og andre om kveldane for å vente på båten som oftast kom rundt kl. 19:30. Mykje vart her diskutert og informert om.



Skan koden med mobil og går mer i dybde på lokalhistorie.



VINDAFJORD KOMMUNE



HELGEVOLD